

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Beitstad.

Emne: Bålbrenning på sisse dagar
i året.

Bygdelag: Beitstad.

Oppskr. av:

Gard:

(adresse): Olav Jönnum
Beitstad.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. "Bål"
2. Ved rydding av nylann, eller å fjerna rask på marka vert det sagt, " eill rat".
3. Lite bål "varmi" stort bål "bål".
4. Nei.
5. Nei.
6. Nei.
7. Nei.
8. a. Ja, "Santansbål".
b. "Pinsbål"
c. d. Hev ikkje høyrt om noko bål då.
9. 10. 11. 12. 13. Hev ikkje høyrt om bål i samband med dette.
14. Bålet var som regel på ei grusör ved elv eller vatn, og slik at det ikkje kunde gripa om seg i turt ver. So måtte det vera ein noko lunde slet voll ner bålet, for born og ungdom skulde få leika seg der.
15. Ja for det meste det.
16. Nei, 2 eller 3 for heile bygda.
17. Veit ikkje om det.
18. Alle er med.
19. Ja.
20. Ja, men voksne ser til med dei.
21. Ungdomen som står i laga er med, men laga hev ikkje moko med båla.
22. Det hev eg ikkje høyrt.
23. Nei bålet vart sankt saman av kvist og avfall i den nærmeste omkrets av det.

24. Bålet vart sanka saman x av det som ein fikk tak i, det var ikkje noko bestemt.

25. Hev ikkje høyrt om noko slikt.

26. Nei, hev aldri høyrt om kjøp til brenne.

27. Nei, men det var om og gjera at so mange som det gjekk an, var med og sanka saman til bål, for det var sport i og hava største bålet.

28. Ja.

29. Nei.

30. Veit ikkje om det.

31. Storleiken på båla var etter som tilgangen på brennefang var.

32. Ja.

33. Ja, det var mest om og gjera at det rauk mye, so ein kunde sjå det langt, for og samla mye folk til leik ved bålet.

34. For og få til mye røyk vart det lagt råbar på bålet.

35. Hev ikkje høyrt det.

36. Det vart tent bål ved åkrane om høsten når det var nattefrost. Røyken av bålet skulde halda frosten vekk.

37. 38. 39. Hev ikkje høyrt om noko slikt.

40. "Santhansmoro".

41. Alle som hadde lyst gjekk dit.

42. Nei, som regel lidt over minnett.

43. Nei, det var bare leik.

44. Det kunde delvis vera lidt dans, men for det meste leik (treddi mann i vinden o. l.).

45. 46. 47. 48. Hev ikkje høyrt noko om det.

49. Bålbrenning vert nytta til vern mot nattefrost.

50. Nå ja, mindre no.

51. Eg veit ikkje vist, men det er muli at alle festar og samkomor til alle tider av året kan gjera sitt.